

Notat

Frå: Fylkesdirektøren

Til: Hovudutval for kultur

Evaluering av Sogn og Fjordane Teater

Vedlagt følgjer «Kvalitet for alle penga?» - evaluering av Nationalteatret, Rogaland Teater og Sogn og Fjordane Teater.

Evalueringa er tinga av kulturdepartementet, og har forankring i St.meld 32 (2007-2008) *Bak kulissene*.

Evalueringsrapporten er delt i to deler:

- Rapport frå evalueringspanelet
- Eigenevaluering frå Sogn og Fjordane teater

Kulturdepartementet har følggt opp evalueringa i framlegg til statsbudsjett for 2014; Prop 1 S (2013-2014) med følgjande kommentarar:

«Mål 2:
 Høy kvalitet gjennom utvikling og fornyelse

Sogn og Fjordane teater er et lite regionteater som i all hovudsak møter sitt publikum på turne i eget fylke. Teatret får i evalueringsrapporten honnør for å utvikle nye dramatiske tekster, men det etterlyses noe større vilje til å utforsking av andre scenekunstneriske elementer og en større vilje til å utfordre publikum.»

Og

«Mål 5:
 Effektiv ressursutnytting

For Sogn og Fjordane teater konstanterer evalueringen at teateret har hatt fokus på effektiv ressursbruk, men at økonomisk styring må knyttes opp mot en overordnet strategiplan, noe som mangler i dag.»

Sogn og Fjordane teater er igong med å utarbeide ein overordna strategi for teateret si verksemd. Teateret er invitert til å møte hovudutvalet til dialogmøte, og dette vil bli knytt til HK-møtet 27. mai eller 17. juni.

Fylkeskommunen som eigar er ikkje kontakta av departementet om evalueringa, verken før, under eller etterpå.